

Styremøte Voss Hang- og Paragliderklubb

Møte nummer	5 - 2022
Dato/tid/stad	21.10.2022 KL 1900 BARmoen
Deltakarar	Morten Knapstad, Johnny Skjerpings, Lena Vassli, David Møller, Malene Hetle Hole, Sondre Mundal, Einar Såkvitne, Lars Haukom(fagleg leiar)
Leiar	Johnny Skjerpings
Skrivar/referent	Morten Knapstad

Saksliste

Beslutningssaker

Sak nr	Innhald	Innlegg	Konklusjon	Ansvar
48/2022	Godkjenning av innkalling	Morten	Godkjent	Alle
49/2022	Gjennomgang av forrige møtereferat	Morten	Kommentar frå Johnny: Styreleiar informerte om profesjonaliseringa av styret i høvet til at klubben no har tilsett ein dagleg leiar, og det utvida ansvaret det medfører. Dette er noko som vert gjort synlig i arbeidsinstruksen til dagleg leiar.	Styret og dagleg leiar
50/2022	Pris på andre typar kurs enn grunnkurs. SIV, akro, tandem, fotstart, avanserte manøvre, opptrekk osv.	Morten	DL la fram forslag til prisar på andre typar kurs enn nybegynnarkurs. Prisane vil bli kommunisert til skulesjef og tatt i bruk når det er ferdig utarbeida. Det vil bli laga ein eigen «Vossarabatt» for å rekruttera fleire lokale til å ta kurs. DL vil utarbeida eit forslag som vil bli markedsført relativt fort.	Morten
51/2022	Opptrekkssbåt. Kva gjer me vidare med båten vår etter at den sank i sommar	Morten	Det vil kosta mykje å få fiksa opptrekkssbåten slik den er no, og me ser på alternativ for å erstatta båten. Morten jobbar vidare med denne saka framover.	
52/2022	Innkjøp av SPG-utstyr til VossHPK	Morten	Klubben har henta inn tilbod på nytt SPG-utstyr til klubbens speedriderkurs. Styret, i samråd med skulesjef og materialforvaltar gjekk for tilbodet frå Nolimits. Det vert kjøpt inn 17 komplette sett. Vingene vil ha «VOSS» logoen til VisitVoss.	Alle/Morten

Orienteringssaker

53/2022	Status søknad om spelemidler	Morten	DL orienterte om status på søknad om spelemidler, og søknad om spelemidler til «luftsportsanlegg» vert sendt innan fristen 01.11.	Morten
54/2022	Status hytta på start	Morten	Klubben har fått pristilbod på bygging av fleirbruksbu og toalett på starten på Hangurstoppen. Kostnadane og økonomien tilseier at hytteprosjektet ikkje vert starta på slik status er no. Her er klubben avhenging av ytterligare ekstern pengestøtte for å gå i gang med prosjektet i henhold til vedtaket frå årsmøtet.	
55/2022	Status klubbhåndbok (instruksar, prosedyrar osv)	Morten	DL orienterte om arbeidet med å skrive ned og formalisere alle prosedyrar, verv og funksjonar i klubben. Dette vert jobba med framover.	Morten
56/2022	Fagleg status	Lars	Lars orienterte om fagleg status i klubben. Det vart diskutert innspel frå forrige klubbkveld om å få tilgang til data frå hendelsesrapportar for medlemmane. Dette bør gjelde alle tilgjengelige hendelsar i landet. DL sjekkar med HPS om det er mulig å få tilgang til «opne» hendelsesrapportar for å nytte til læring. Her må takast hensyn til personvern, men DL sjekkar kva som er mulig å få til.	Lars
57/2022	Prosedyrar for å bli godkjent som instruktør og tandempilot på klubbens kurs	Sikkerhetsgruppa/Lars og Morten	Det vil bli utarbeida prosedyrar for godkjenning av instruktørar og hjelpeinstruktørar som skal kurse for klubben. Det vil bli laga ein eigen instruktørkontrakt mellom klubb og instruktør/hjelpeinstruktør.	Lars/Sikkerhetsgruppa
58/Ymse	Innspel frå valgkomiteen		Valgkomiteen vil gjerne ha klubbens årsmøte før 15.03.23 då det passa best for fleire i komiteen. Styret vil sjå over klubbens vedtekter, og sjå på om dei skal reviderast før godkjenning på neste årsmøte.	Styret/Morten